



Velkommen til Ølen omsorgssenter!



Visjon:

«leva heile livet i eit trygt miljø»

Vårt mål:

Skapa gode stunder.

Aktive i eige liv, fokus på brukarmedverknad.

Oppleva å bli sett og høyrt

Trygge, modige og stolte tilsette.

Ølen omsorgssenter legg vekt på at du skal få et individuelt tilpassa opphold og at du, dine pårørande og besøkande skal kjenne seg godt mottatt og trivast på omsorgssenteret.

Kontakt

Som pårørande er du velkommen til å ta kontakt med oss på telefon 53 65 60 00. Me har telefontid kl. 10.00 – 12.30. Ringer du på andre tider så kan det vere at du må vente eller at du får melding om å ringe oppatt. Grunnen til dette er at tilsette er opptatt med pleie, måltid, aktivitetar og andre oppgåver. Sentralbordet er opent mandag t.o.m. fredag kl. 08:00 – 15:30, tlf. 53 65 60 00.

Besøk

Ølen omsorgssenter har ikkje faste besøkstider men det er ønskelig at besøkande kjem utanom måltida. Når du har besøk er det ønskelig at du og besøkande nyttar rommet ditt eller ei endestove, dette av omsyn til medbebuvarar. Etter kl.15.30 er



hovuddøra stengd og besökande må nytte ringjeklokka på veggen ved inngangsdøra. Det kan ta litt tid før døra vert opna då personalet kan vera opptatt med bebuarane.

Bebuarmøte

Ølen omsorgssenter har felles møter med bebuarane to gonger i året. I møtet vert det gitt informasjon som kan være nyttig for deg å vite. Me ber om ei tilbakemelding på kva som fungerer bra og kva som kan bli betre slik at du og dine medbebuarar opplever trivsel på omsorgssenteret.

Informasjon til pårørand - pårørandekvelds

Ølen omsorgssenter har felles møte for pårørande ein gong i året, oftast på hausten. Ein av dine pårørande vert invitert til å delta i møtet. pårørandekveldsmaåltid. Det er laga ei oppslagstavle for pårørande i trapperommet i 1. etg. Der finn du diverse nyttig informasjon.

Primærgruppe, kontaktperson

Som ny bebuar får du ei primærgruppe som har et særlig ansvar for å samarbeide med deg og dine pårørande. Denne gruppa består av sjukepleier, helsefagarbeider og assistent. I primærgruppa er det kontaktpersonar som du og dine pårørande i hovudsak skal forhalde dokke til. Informasjon om kven kontaktpersonane er finn du oppslag om på rommet ditt. Me ber deg ta kontakt med kontaktpersonane når du har praktiske spørsmål. For spørsmål angående helsetilstand, medisinar og liknande, ber me deg ta kontakt med sjukepleiar på vakt.

Tilsynslege

Ølen omsorgssenter har fast tilsett tilsynslege i 50% stilling. Legevisitt er lagt opp til mandag, tysdag og fredag. Ved langtidsopphald vil du kvart år få tilbod om årskontroll av tilsynslege. Ved sjukdom tar sjukepleiar opp saka di på legevisitten og legen ser til deg dersom det trengs. Du og dine pårørande kan be om samtale med tilsynslegen, ta kontakt med sjukepleiar på vakt så melder ho det til tilsynslegen.

Dersom du vert sjuk utanom dagane for legevisitt så vert anna lege kontakta.

Når du kjem til omsorgssenteret vert naudsynt informasjon henta frå fastleggen din slik at tilsynslegen kan gje deg best mogleg behandling.

Fysioterapi

Omsorgssenteret har fysioterapiteneste på huset, ta kontakt med personalet for meir informasjon.

Transport

Omsorgssenteret dekker utgiftene til transport og time hjå spesialister. Pårørande som ønskjer det kan følgje til timer hjå spesialist.

Møbler og pynt på rommet

Alle rom har seng og nattbord. Dersom du har fått tilbod om langtidsplass er det ynskjeleg at du har med private møbler. Møblene må tole reinhald. Det er viktig at



rommet vert møblert slik at det er praktisk for deg og for personalet. Me anbefaler deg å ha ein god stol som er tilpassa dine behov. Møblane må ikkje være for store og tunge. Du kan ikkje ha tepper på golvet, av omsyn til hygiene/reinhald og for å førebygge fall.

Private bilete og liknande skal hengast opp frå list i taket.

Varsling om behov for bistand

Alle rom har ringeklokke slik at du kan varsle personalet ved behov for bistand. Personalet går med berbare telefonar der varslinga vert registrert og dei tar kontakt med deg så raskt som mulig.

Telefon

Det er ikkje opplegg for fasttelefon på bebuar rom. Utgiftene til kjøp og bruk av mobiltelefon må du dekke sjølv.

Data

Ølen omsorgssenter har trådlauost nettverk, ta kontakt med personalet for informasjon om brukarnavn og passord. Datautstyr må du halde sjølv.

TV

Det er mogleg å ha TV på rommet, det krev eigen boks til RiksTV. Innkjøp av TV, boks og lisens må du dekke sjølv. Det er TV i fellesstova til felles bruk.

Reinhald

Rommet ditt vert reingjort to gonger i veka. Fellesområdet i avdelinga vert vaska kvar dag.

Røyking

Me ynskjer eit røykfritt miljø av omsyn til deg, medbebuarar, pårørande, andre besökande og personalet. Me ber om at du røyker på tilviste plassar ute. Dersom det ikkje let seg gjere så kan du etter avtale røyke på rommet ditt. Personalet vil iversette brannførebyggande tiltak på rommet ditt av omsyn til deg og omgjevnadane på omsorgssenteret. Du må nytte røykeforklede, dette kjøper Ølen omsorgssenter. Det er ikkje tillat å røyke i fellesarealet, hovudinngong og fellesstovane. Pårørande og andre besökande må gå ut å røyka.

Post

Brev, aviser, vekeblad og anna post vert levert direkte til deg. Dersom du vil at andre skal ta imot posten din så må du eller dine pårørande melde frå om endring av postadresse.

Aviser/vekeblad

Ølen omsorgssenter abоннерer på Grannar og Haugesund Avis. Dersom du ynskjer eigne aviser og vekeblad så må du bestille og betale dette sjølv.

Klede/sko

Det er viktig at du har tilstrekkelig med klede og sko og at dei passer, dette har du eller pårørande ansvar for. Omsorgssenteret har fleire gonger i året besøk av firma



som sel klede, dei held til i 1. etasje. Private klede må du eller pårørande merka med fullt namn. Me anbefaler navnband som er sydd i kleda, ta kontakt med personalet for bestilling av dette. Du må betale for navnbanda sjølv.

Bebuaren sine klede vert vaska ved vaskeriet på Vindafjordtunet. **Bebuar sine klede må tåle 60 graders vask. Klede som ikkje toler 60 graders vask vert ikke erstatta dersom dei vert øydelagde.** Omsorgssenteret held handklede og sengklede.

Toalettsaker

Ølen omsorgssenter held sjampo, såper og fuktighetskrem, me nyttar fast leverandører til dette. Du må sjølv kjøpe tannbørste, tannkrem, ansiktskrem, deodorant, hårbørste med meir.

Pengar

Omsorgssenteret kan oppbevare pengar for deg dersom du har behov for det. Det skal føreligge skriftlig avtale på oppbevaring av pengar. Ta kontakt med dine kontaktpersonar dersom du ønskjer ein slik avtale. Du kan oppbevare maks kr 2 000,- på omsorgssenteret, disse vert oppbevart i skap som kan låsast. Det vert kvittert for mottatt beløp og ført rekneskap på dette. Omsorgssenteret kan ikkje ta ansvar for pengar eller verdisaker som du oppbevarer på rommet ditt.

Hjelpeverje

Dersom du har behov for hjelp til handsaming av post og økonomi så kan det oppretta ein hjelpeverje for deg. Ta kontakt med dine kontaktpersonar for informasjon om dette.

Frisør

Det kjem frisørar frå Frisørhuset til omsorgssenteret etter avtale. Ta kontakt med personalet så får du vite kva dato dei kjem. Det er fint om du eller dine pårørande kan ordne det slik at du har med deg pengar til frisøren.

Det er også mulig å nytte frisør i salong men då må du eller pårørande ordne med timebestilling og følgje dersom du trenger det.

Fotpleie

Det er tilbod om fotpleie som kjem på omsorgssenteret. Ta kontakt med personalet så får du vite kva dato dei kjem. Det er fint om du eller dine pårørande kan ordne det slik at du har med deg pengar til fotpleiaren.

Tannpleie

Tannpleiar kjem til omsorgssenteret ein gong i året, tilbodet er gratis.

Måltid

Ølen omsorgssenter har eige kjøkken som lager mat etter statens retningslinjer. Det er stort fokus på god ernæring med utgangspunkt i ditt behov og dine ønskjer.

Avdelingane har eigne avdelings kjøkken der alle måltida vert servert. Du kan velje å ete måltida på rommet ditt dersom du ønskjer det men, det er hyggelig om du vel å delta i fellesmåltida.



Oversikt over måltida:

Ca. kl.06.00: Tilbod om tidlig frukost
Ca. kl.07:00: Tilbod om havresuppe
Ca. kl.09.00: Frukost
Ca. kl.12.30: Middag med dessert
Ca. kl.15.30: Kaffimat
Ca. kl.19.00: Kveldsmat
Ca. kl.21.00: Tilbod om seinkvelds

Pårørande får tilbod om gratis kaffi. Det er mogleg for pårørande å ha med seg mat, eventuelt kjøpe mat i kantina, betaling med vippes kan nyttast. Pårørande har også mogleghet til å kjøpe middag, ta kontakt med kjøkken innan kl. 09.30 same dag for bestilling av dette.

Tilbod om aktivitetar

Det er viktig at du gjere det du klarar sjølv i det daglige og at du er i aktivitet. På Ølen omsorgssenter har me fokus på å oppretthalda mest mogleg eigenmestring av kvardagslege aktivitetar, som til dømes påkledning og smørjing av mat mm. Personale vil gjere aktivitetar ilag med deg. Me har trimsykkel som du kan nytte, ta kontakt med personale for meir informasjon. Du kan delta i tilbodet på dagsenteret for eldre heimebuande. Det er oppslag over tilbodet på dagsenteret i avdelinga og på informasjonstavla for pårørande.

Mange bebuarar liker å komme seg ut, dette vil personale imøtekommе så langt det let seg gjere. Når du ønskjer å ta turar ilag med pårørande/besökande så vil personale bidra med å få dette til.

Lag, organisasjonar og andre kjem på besøk og har tilstellingar på omsorgssenteret, oppslag er å finne i avdelinga. Du og dine pårørande er velkommen til å delta på dette.

Feiring av fødselsdagar

Kjøkkenet lagar kake etter ønske frå deg, kaka vert servert til kaffien i avdelinga. Det er mogleg å låne dagavdelinga på Ølen omsorgssenter for feiring av fødselsdagar. Ta kontakt med merkantil for avtale.

Blomar

Du kan ha blomar på rommet, men me ber om at du unngår blomar som kan framkalla allergiar (eks. julestjerne, svibel).

Brannførebyggande arbeid

Dersom det skulle oppstå ein brann er det ansvarsvakt i begge etasjar som organiserar/evakuarar bebuarar. Personale har faste brannrundar. Senga di er utstyrt med brannsegl, under madrassane. Det er ikkje tillatt å ha levande lys på omsorgssenteret.



Elever / studentar

Ølen omsorgssenter bidrar med praksisplasser for elever og studentar. Elevane/studentane utfører sjølvstendig arbeid når personalet vurderer at det er fagleg forsvarleg.

Endring i behov for tenester.

I vedtak om opphold i institusjon står det at dersom tenestebehovet endrar seg så vert det vurdert om du skal flytte til heimen eller til anna tenestetilbod i kommunen.

Klage

Dersom det er noko du eller dine pårørande ikkje er fornøgd med så ber me om at du tar dette opp med oss. Du kan ta kontakt og be om et møte eller skrive ein skriftlig klage.

Me håper at informasjonen i dette skrivet er til nytte for deg. Dersom det er noko du saknar informasjon om så er me takknemlige for ei tilbakemelding slik at me kan forbetre oss.

Me håpar du vil trivast i laag med oss på Ølen omsorgssenter.

Med helsing

Kitty Soltvedt

Einingsleiar Ølen omsorgssenter

Revidert utgåve mai 2021